



Leiar i UU Gunnar Myklebust ved Gamleskulen, som er eit hus med mogelegheiter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Oppmodinga om å bli medlem av Uskedalen Utvikling har slått godt an. Leiar Gunnar Myklebust er svært tilfreds med at 60 har teikna medlemsskap så langt og takkar dei som har betalt men han legg til at han ventar langt fleire etterkvart. Det kostar berre 150 kroner å bli med på laget og det bur over 1.000 i Uskedalen.**

Det er viktig at så mange som mogeleg er med og på den måten tek eit felles løft for at Uskedalen skal bli ein enda betre stad å bu og arbeida i. Tre av dei konkrete sakene som er løyst i dei seinare åra og som Myklebust trekk fram som døme er kafeen i Gamleskulen, rasteplassen like ved og nettavisa uskedalen.no.

Det nyaste er at det er starta eit dialogforum, der ein kan ta opp konkrete saker og få dei løyst raskt og effektivt. No er det siste møte i vårsesongen halde, men dialogforumet kjem sterkt attande til hausten, leia av Kristian Bringedal.

- Kva vil skje med UU sitt eige hus Gamleskulen framover?

- Som sagt er vi godt i gang med kafeen, som er eit tilbod for folk i alle aldrar og som har vorte ein suksess etter stor dugnadsinnsats. Men vi ønskjer innslag av fleire yngre gjestar og eg vil minna om at det står eit biljardbord i loftsetasjen.

Huset er ellers i god stand og har veileigna lokaler for utleige til ymse føremål - som eit resultat av konditoridrifta til Elin Enes. Utleiga har da også auka i det siste. Men dette er eit hus med potensiale og vi er takksame for kreative innspel om kva det bør nyttast til. Kva skal til dømes skje med kjellaren?

Av Ola Matti Mathisen